



Vigleik Vabø  
Fonnebostvegen 293  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/948 - 17/21257

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
14.07.2017

## Førerebels svar - trøng for tilleggsdokumentasjon gbnr 106/12 Fanebusst

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 14.03.17, supplert den 22.06.17.

Vi viser vidare til vårt brev datert 28.04.17, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Dokumentasjon på nabovarsling ved blankett nr. 5155 og 5156, de kan nytte vedlagde blankettar.
2. Dokumentasjon på at vilkår i føresegna § 1.3.3 rammeplan for vassforsyning, overvatn - og spillvatn system, veg og trafikksikring samt uttak for brannslokking ligg føre.
3. Dokumentasjon på at naudsynte private rettar til vegtilkomst, vatn- og avlaupsløysingar for dei 4 parsellane ligg føre.
4. Avklaring med omsyn til vatn- og avlaupsløysing for dei 4 parsellane, kva løysing skal etablerast.
5. Uttale for brann med omsyn til slokkemoglegeheiter.
6. Påkoblingsløyve til offentleg vatn- og avlaupsnett, evt. førehandsuttale frå Teknisk drift med omsyn til om det er pårekneleg at det vert gjeve påkoblingsløyve til offentleg vatn- og avlaupsleidning.

### Punkt 1.

Det er dokumentert at tiltaket er nabovarsla, tilleggsdokumentasjon er levert inn før fristen for å komme med merknadar til tiltaket er ute. Vi har motteke merknadar til varsla tiltak, sjå vedlegg, vi ber om dykker uttale/vurdering med omsyn til nabomerknadar.

### Punkt 2, 4 og 6.

Det er lagt ved uttale frå NGIB med omsyn til slokkevatn. Det er i sak 17/1922 gjeve førehandsuttale med omsyn til at det er pårekneleg med påkobling til offentleg vatn- og avlaupsleidning. Med omsyn til vilkår i føresegna § 1.3.3 så vert dokumentasjon frå Lindås rør og sanitær oversendt Teknisk drift for uttale.

### Punkt 3

Ut i frå dokumentasjon på trasé for vatn- og avlaupsleiding så krysser traséen fylkesveg 400 samt den krysser kommunal veg og ligg til dels på eigedom gbnr. 106/17-18.

Det må innhentast samtykke/løyve frå Statens vegvesen til å krysse fylkesvegen med vatn- og avlaupsleidning.



Det må innhentast samtykke/privat rett til å etablere og driftet samme kryss gbnr. 106/98 (KV 1188) med leidningstraséen. Det må ta kontakt med Lindås kommune v/Teknisk drift vegavdeling for å innhente slike avtale/løyve.

Det må dokumenterast privat rett til å legge, etablere og driftet vatn- og avlaupsleidning som krysser gbnr. 106/17-18.

Vi gjer merksam på at etablering av vald trasé krev at det vert søkt om dispensasjon frå avstandskrav til vegmidte offentleg ved på 15 meter jf. kommuneplanen sin arealdel § 1.6, søknad må ligge føre ved søknad om løyve til etablering av vatn- og avlaupstraséen.

#### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Samtykke/løyve frå Statens vegvesen til å krysse F 400 med vatn- og avlaupsleidning.
2. Samtykke/privat rett til å etablere og driftet samme kryss gbnr. 106/98 (KV 1188) med leidningstraséen.
3. Det må dokumenterast privat rett til å etablere og driftet vatn- og avlaupsleidning på eigedom gbnr. 106/17-18.
4. Uttale/vurdering av merknadar til varsle tiltak.

**Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.08.17.** Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert søknaden avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Dokumentasjon etterspurd i vårt brev datert 28.04.17 og 14.07.17 er av ein slik karakter at saka ikkje vert å rekne som komplett nok til at kommunen kan handsame søknaden, private rettar jf. pbl § 21-6 er ikkje tilstrekkeleg dokumentert, manglande dokumentasjon på private rettar gjer at tiltaket ikkje stettar krav gjeve i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Svar på nabovarsel - gbnr 106/12 Fanebust

Merknader til nabovarsel - delingssak - gbnr 106/12 Fane bust - ny grunneigedom

Merknader til nabovarsel - gbnr 106/12 Fanebust

Merknad til nabovarsel - gbnr 106/12 Fanebust

Vedk nabovarsel - gbnr 106/12 Fanebust

## Kopi til:

Vigleik Vabø

Fonnebostvegen 293 5955

LINDÅS

### **Mottakarar:**

Vigleik Vabø

Fonnebostvegen 293 5955

LINDÅS